

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Finden Gard  
**Dato:** 05.10.2015  
**Tidspunkt:** 10:00 – 15:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjølmeseter	Medlem	SFFK
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Knut Moe	MEDL	MODA
Hans Erik Ringkjøb	NESTL	VOSS
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tove Østlie	Hans Erik Ringkjøb	VOSS
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

## Merknader

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Andre:

Kristoffer Ullern Hansen                      SNO Aurland  
Veronika Seim Beck                                Landbrukssjef Vik kommune

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 21/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 22/15	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 23/15	Stølsheimen landskapsvernområde - utviding av plattung på gbnr. 67/1 i Finnabotnen - forlenging av flytebyggja i Finnabotnen		2015/936
ST 24/15	Stølsheimen verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar		2014/4673
DS 5/15	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter i Solrenningane for transport av materiale		2015/2658
DS 6/15	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter langs stien frå Stølsvatnet til Solrenningane		2013/2150
DS 7/15	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til transport av materiale med helikopter til Rappen		2015/1776
RS 3/15	Stølsheimen landskapsvernområde - tilrettelegging med benk og heller ved turisthytta i Åsedalen		2015/1858
RS 4/15	Godkjenning av reviderte teikningar for stølshuset i Rappen i Stølsheimen landskapsvernområde - Sjur Vikøren		2015/1776

Andre saker:

### Møteplan for styret hausten 2015

Neste møte i verneområdestyret er tysdag 1. desember 2015.

### Oppfølging av vedtak i Stølsheimen verneområdestyre når vilkåra i løyve ikkje vert fylgt

Verneområdeforvaltar orienterte om at det i fleire byggesaker der verneområdestyret har sett vilkår i løyvet, ser at fleire av vilkåra ikkje vert fylgt. Styret understreka at vilkår i løyve skal følgjast. Dersom det viser seg at det vert endringar i tiltaket det er gjeve løyve til, skal eventuelle endringar godkjennast av styret. Dersom vilkåra i løyve ikkje er fylgt, skal det sendast rapport om endringane til styret. Styret vil ta stilling til korleis saka skal følgjast opp når dei har motteke rapporten.

Arkivsaksnr: 2015/936-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 08.09.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	23/15	05.10.2015

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - utviding av platting på gnr. 67 bnr. 1 i Finnabotnen. Forlenging av flytebryggja i Finnabotnen

### Innstilling frå forvaltar

#### Utviding av platting på gnr. 67 bnr. 1

Stølsheimen verneområdestyre gjev avslag på søknad om utviding av platting framfor gjestehuset på gnr. 67 bnr. 1 i Finnabotnen. Avslaget er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 og verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde.

#### Forlenging av flytebryggje

Stølsheimen verneområdestyre gjev Findebotten AS løyve til å forlenga flytebryggja i Finnabotnen frå 22 meter til 50 meter. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernomsråde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd 1. alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Flytebryggja skal festast til eksisterande landfeste for flytebryggje.
- Dersom flytebryggja ikkje lenger er i bruk i næringsssamanheng, skal bryggja med tilhøyrande utstyr fjernast frå området.

Dette løyvet er gjeve etter reglane i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde. Det må i tillegg søkjast Vik kommune om løyve til tiltaket.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 05.10.2015

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### Vedtak

Utviding av platting på gnr. 67 bnr. 1

Stølsheimen verneområdestyre gjev avslag på søknad om utviding av platting framfor gjestehuset på gnr. 67 bnr. 1 i Finnabotnen. Avslaget er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 og verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde.

#### Forlenging av flytebryggje

Stølsheimen verneområdestyre gjev Findebotten AS løyve til å forlenga flytebryggja i Finnabotnen frå 22 meter til 50 meter. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd 1. alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Flytebryggja skal festast til eksisterande landfeste for flytebryggje.
- Dersom flytebryggja ikkje lenger er i bruk i næringsssamanheng, skal bryggja med tilhøyrande utstyr fjernast frå området.

Dette løyvet er gjeve etter reglane i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde. Det må i tillegg søkjast Vik kommune om løyve til tiltaket.

### **Saksopplysningar**

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Findebotten AS om løyve til å forlengje flytebryggja i Finnabotnen, og å utvida plattingen framfor gjestehuset i Finnabotnen, datert 22.08.15
- Vedtak om plassering av flytebrygge i Finnabotnen sak 16/15, 11.05.2015

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Skjøtselsplan for Finnabotnen, rapport nr. 4 – 2003 (*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Findebotten AS vart stifta den 28.10.2014. Eigarane er Kåre Egil Skjerven og Roald Øvreås. Dei har kjøpt det eine gardsbruket i Finnabotnen, gnr. 67, bnr. 1. Finnabotnen med Finnafjorden ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. Findebotten AS planlegg drift på eigedomen innan reiselivsnæring med utleige av lokale, overnatting, servering m.m. Dei ser føre seg 2-3 arbeidsplassar i tidsrommet mars til desember.

På eigedomen står det i dag eit nytt våningshus og ein ny driftsbygning bygd som gjestehus med serveringslokale. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav løyve til oppføring av gjestehuset (ref. 2003/3351) med heimel i verneforskrifta punkt VI nr. 2. Førre eigar av gnr. 67 bnr. 1 fekk løyve til å byggja ein platting framfor gjestehuset. Plattingen skulle liggja på bakken, og ha rekkverk etter tradisjonell byggemetode på plassen. Tunet skulle avsluttast med ein gråsteinsmur på nedsida av gjestehuset, og med ein naturleg avslutning mot gardsvegen. Muren skulle avsluttast i same høgdenivå som gardsvegen. Vilkåra vart sett etter ein heilskapleg vurdering av utforminga av tunet i Finnabotnen.

Eksisterande kai i Finnabotnen er i dårleg forfatning. Stølsheimen verneområdestyre gav løyve til å leggja ut ei flytebryggje på 22 meter i sak 16/15. Dette tiltaket er gjennomført, men søkjar meiner tilgangen til å leggja til med båt i Finnafjorden fortsatt

ikkje er god nok. For å kunne ta imot forventa tal gjester, søker dei no om å forlenga flytebyggja til ei samla lengd på 50 meter.

Forvaltar, SNO og næringsssjef i Vik kommune var på besøk i Finnabotnen 2. juli i år for å snakka med dei nye eigarane av gnr. 67 bnr. 1 om moglegheiter for næringsutvikling og landskapskjøtsel i Finnabotnen. Me såg då at dei nye eigarane hadde starta byggearbeidet med utviding av treplatingen framfor gjestehuset. Plattingen var heva opp og forlenga utover eksisterande mur, og var festa på pålar som var støypt fast i eksisterande mur og i framkant av muren. Forvaltar gav melding om at dette var eit tiltak som dei måtte søkja verneområdestyret om løyve til. Forvaltar oppmoda eigarane om å stoppe arbeidet til søknaden var behandla. Tiltaket måtte i tillegg vurderast om det var søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Eigarane påpeika at det var viktig å fortsetja arbeidet for at plassen skulle ta seg godt ut under filminnspeling i august, og for å tryggja mot fallulukker. Forvaltar såg utfordringane med fallulukker, og støtta eigarane i å utføra nok arbeid til å sikra plassen mot fallulukker. Eigarane opplyser i søknaden sin at dei oppfatta at det var semje om at arbeidet kunne fullførast.

Forvaltar konfererte med leiar i verneområdestyret seinare på dagen (2. juli). Det vart då bestemt at eigarane ikkje kunne fortsetja arbeidet før søknaden var behandla av verneområdestyret. Dette vart det sendt skriftleg melding om 3. juli med fylgjande tekst: *«I fylgje verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde kan det gjennomførast "vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg, merka turiststigar, vegar, kraft- og telefonliner og vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar". jf. verneforskrifta punkt V nr. 6. Utviding av eksisterande platting er søknadspliktig og skal behandlast av Stølsheimen verneområdestyre. Etter å ha konferert med leiar i verneområdestyret, fekk de pr. mobiltelefon 2. juli melding om at oppstarta arbeid med utviding av plattingen skulle stoppast omgåande. Tiltaket kan tilbakeførast til ein platting med same storleik og utforming som plattingen som var der frå før. Dersom tiltaket som er gjort ikkje vert fjerna, må de senda søknad til Stølsheimen verneområdestyre om tiltaket. De må då leggja fram ein heilheitleg plan for tunet i Finnabotnen med planlagde tiltak. Eventuell søknaden må sendast til Stølsheimen verneområdestyre innan 10. september for å få behandla søknaden i styremøte 1. oktober.*

*Ta kontakt om de ynskjer meir informasjon i samband med ein søknad eller evt. vedlikehald av eksisterande platting».*

I søknaden er det opplyst at eigarane ikkje fekk tak i arbeidsfolka og fekk stoppa arbeidet før plattingen var ferdig. Det var då berre rekkverket som stod att. Dei såg det som naudsynt å setja opp rekkverket av tryggleiksgrunnar. Etter synfaringa 2. juli er området mellom plattingen og gjestehuset hellelagt. Søkjar meiner utvidinga av plattingen og hellelegging framfor gjestehuset er viktig for å at dei kan drive næringsaktivitet på ein måte som gjestene forlangar. I tillegg meiner dei at tiltaka er med å gjera området finare, og plattingen dempar inntrykket av høgda på bygget.

## **Lovgrunlaget**

*«Føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske»* jf. punkt III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter *«så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar...»* jf. punkt IV nr.1. Bygging av platting og

utlegging av flytebryggje kjem ikkje under dette punktet og må vurderast etter verneforskrifta punkt VII, som seier forvaltninga kan gjera unntak i særskilte høve. Dette punktet er erstatta av naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Søknaden om å utvida plattingen og leggja ut flytebryggja må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd 1. alternativ, som vil seie at tiltaket ikkje skal vera i strid med verneføremålet og ikkje vera til nemneverdig skade på verneverdiane.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

### Utviding av platting

Det er positivt at det er kome nye eigarar i Finnabotnen som ynskjer å bruka område i næringsssamanheng, og samstundes ta vare på landskapsvernområdet. I skjøtselsplan for Finnabotnen står det at «*Eit mål for utvikling av Finnabotnen bør vera utvikling av næringsverksemd som er i tråd med verneforskrift og innanfor formålet med verneområdet og samstundes gir økonomisk dekning for eller bidrag til skjøtselsarbeidet*». For å ta vare på kulturlandskapet, er det viktig med godt samarbeid med grunneigarane. Moglegheit for næringsinntekt i Finnabotnen vil gjera det meir føremålstenleg for eigarane å drive skjøtsel av landskapet, og med det ta vare på verneverdiane. Forvaltar meiner det vil vera viktig at det vert lagt til rette for at eigarane kan driva næringsverksemd når dette skjer innafor rammene av verneformålet og verneforskrifta.

I Finnabotnen er det to gardsbruk. Ingen av desse har aktiv landbruksdrift i dag, og det er fleire år sidan det har vore beitedyr her. Innmarka mellom fjorden og gardstuna har vore slått med slåmaskin siste åra. Deler av innmarka er i attgroingsfasen, og det er trong for skjøtsel for å stoppe attgroinga. Skjøtselsplanen skisserer tiltak for skjøtsel. Under mål for Finnabotnen, delområde A (gardstun med innmark) står det: «*Tiltalende gardstun med bygningsmiljø skal takast vare på, men opning for løyve til endringar som knyter seg til det gamle bygningsmiljøet.... Terreng og tekniske installasjonar (hus, vegar m.m) skal ikkje endrast vesentleg bortsett frå bygging av kårhus, nytt naust, ombygging av løa på bruk nr. 1, restaurering av løa på bruk nr. 2 og bygging av ny kai*».



Finnabotnen oktober 2014. Foto Anbjørg Nornes



Finnabotnen 2. juli 2015. Foto Anbjørg Nornes



Finnabotnen 17. august 2015. Foto Nils Kvamme

Bileta over viser tunet før siste utviding i 2014, arbeidet med plattingen 2. juli 2015, og ferdigstilt platting august 2015. Søknaden om å utvida plattingen må behandlast som om den ikkje var bygd, og vurderast ut frå kva som er ein god utforming av tunet og kulturlandskapet i Finnabotnen, og ut frå kva som er føremålet med vern av området. Endringar på tunet og bygningane bør difor sjåast i samanheng med det som vart gjeve løyve til tidlegare. Når det vart gjeve løyve til å byggja opp att ein bygning på tomte etter den gamle låa, vart det gjeve løyve til eit gjestehus som skulle passa inn i det tradisjonelle bygningsmiljøet på staden. Noverande eigarar kallar gjestehuset eit hotellbygg. Nabo (eigar av gnr. 67 bnr. 2) har reagert på at plattingen er utvida utan at saka er behandla av verneområdestyret og kommunen. Plattingen fører til at tilkomsten til bustadhuset på gnr. 67 bnr. 3 er vanskeleggjort ved at dei no må kryssa ein hellelagt plass og terrasse.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplanen for Stølsheimen, skjøtelsplanen for Finnabotnen og naturbasen (13.04.15). I fylgje naturbasen er det utvalt naturtype slåttemark i Finnabotnen. Den utvida plattingen går ut på slåttemarka, og vil føra til at slåttemarka får redusert areal. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er vurdert som god for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Forvaltar meiner det nye tiltaket med utviding av plattingen endrar vesentleg på tunet i Finnabotnen ved at det vert eit uteområde for hotellbygg og ikkje eit gardstun i eit kulturlandskap. Når tunet vart utvida i 2009 var det lagt ned ei vurdering om kva som var ei god utforming av tunet. Tiltaka fekk ei heilskapleg vurdering av kva som ville gje eit godt visuelt inntrykk av kulturlandskapet og tunet i Finnabotnen. Plattingen som vart gjeve løyve til skulle falla inn i terrenget. Forvaltar meiner tunplanen frå sist utviding gjev ei grunding og god vurdering av heilskapen av tunet som del av kulturlandskapet i Finnabotnen, og ser difor ikkje grunnlag for å endra på planen som var godkjent i 2009. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak kan ha på økosystemet jf. nml § 10. Ei utviding av plattingen vil i liten grad påverka naturverdiane i Finnabotnen, med unntak av redusert slåttemark. Ein auka bruk av området ved at det vert fleire gjester i Finnabotnen er positivt for drifta i Finnabotnen, og vil lite truleg gje ein auka belastning på naturverdiane under føresetnad av at aktiviteten er innafor rammene for verneforskrifta. Forvaltar har difor ikkje lagt vekt på den samla belastninga på økosystemet i denne saka. Gjestehuset var sett opp med føremålet reiseliv. Det inneber at tunet og området kan nyttast på ein anna måte ein eit vanleg gardstun. Det er berre i Finnabotnen og på Finden gard i Stølsheimen landskapsvernområde det er sett opp bygningar for servering og overnatting. Ein platting ved dette gjestehuset vil ikkje gje presedens for behandling av andre saker i verneområdet.

Det er tidlegare gjeve løyve til endra drift i Finnabotnen frå landbruksdrift til reiseliv, men alle tiltak skal vera tilpassa det gamle bygningsmiljøet. I fylgje skjøtselsplanen bør endringar av bygningane skje mot vest og på oppsida av husa, slik at endringane vert minst synleg frå fjorden. Forvaltar vurderer ei utviding av plattingen vil ha stor visuell påverknad på kulturlandskapet i Finnabotnen, og vil på den måten ha vesentleg innverknad på verneverdiane i kulturlandskapet. På den bakgrunn meiner forvaltar det ikkje er grunnlag for å gje løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ. Utvidinga må sjåast i høve til gardstunet ved vernetidspunktet, og ikkje i høve til utviklinga av gardstunet i 2009.

Nml §§ 11 og 12 om kostnad med miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er ikkje vurdert då det er innstilt på avslag i saka.

Fylkesmannen kan gje pålegg om retting og avbøtande tiltak jf. naturmangfaldlova § 69. Ved avslag på søknaden om utviding av plattingen, må saka sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for å få avklart korleis arbeidet som er utført med utviding av plattingen skal fylgjast opp.

#### Forlenging av flytebryggja

Geografisk er Finnabotnen vanskeleg tilgjengeleg. Hovudvegen til Finnabotnen er fjorden. Kai er viktig for tilkomst til Finnabotnen, og då også for å kunne driva næring her. Kaia som er her i dag treng omfattande vedlikehald for å kunne brukast. Om vinteren er Finnafjorden tidvis islagt innafor Finnen. Dette set strenge tekniske krav til kai og fortøying av flytebryggje. Fortøyinga av flytebryggja som er der i dag vart øydelagt av isen. Ei ny flytebryggje med fortøying må vera dimensjonert for å tåle innfrysing. Forvaltar vurderer forlenging av flytebryggje i samband med næringsverksemd til å vera i tråd med føringane i skjøtselsplanen. Eksisterande kai bør i tillegg setjast i stand. Kaia vil vera viktig for ålmenta sin tilkomst til Finnabotnen. Eventuell fjerning av flytebryggja må vurderast når kaien vert sett i stand.

Forvaltninga skal vurderer den samla belastninga av tiltaka jf. nml § 10. Flytebryggja vil ikkje vera ruvande i landskapet, og vil vera ei forlenging av eksisterande flytebryggje. Det er sett vilkår om at alle flytebryggjene skal fjernast frå området dersom dei ikkje lenger er i bruk. Så lenge eksisterande kai ikkje er sett i stand, vil flytebryggja vera avgjerande for drifta i Finnabotnen. Forholda for tilkomst og drift i Finnabotnen er heilt spesielle, og saka vil difor ikkje skapa presedens for tilsvarende saker i landskapsvernområdet. Forvaltar vurderer den samla belastninga på området som akseptabel.

Ei flytebryggje vil vera ei bra løysing for å få løyst utfordringa med kai i Finnabotnen. Ut frå utfordringar med oppstart av næringsverksemd i dag, vil ei enkel flytebryggje vera ei bra miljømessige løysinga jf. nml §12. På sikt vil beste løysinga vera å utbetra eksisterande kai i Finnabotnen. Beste plasseringa i fjorden med tanke på tryggleiken for båtanløp i Finnafjorden vil verta vurdert av Vik kommune når dei behandlar saka.

På bakgrunn av vurderingar etter §§ 8 – 12 meiner forvaltar at flytebryggja ikkje vil vera til nemneverdig skade på verneverdiane i Finnafjorden. Flytebryggja vil vera viktig for tilkomst for skjøtsel og næringsdrift i området, og vil kunne ha ein positiv effekt for å ta vare på kulturlandskapet. Forvaltar vurderer på den bakgrunn tiltaket til ikkje å vera i strid med verneformålet eller til vesentleg skade på verneverdiane, og rår til at det vert gjeve løyve til å forlenga flytebryggja.



Tiltaka det er søkt om vil lite truleg føra til skade på naturmangfaldet i området, og § 11 i nml er difor ikkje vurdert i denne saka.

Arkivsaksnr: 2014/4673-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 17.09.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	24/15	05.10.2015

## Stølsheimen verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltar i saker som gjeld løyve etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane punkt VI i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde og naturmangfaldlova § 48.

Delegasjonen gjeld fylgjande saker:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdsle og motorferdsle i verneforskrifta punkt VI nr. 6
- Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta og eller naturmangfaldlova § 48 der :
  - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadane er tilnærma uendra
  - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/arbeidsutvalet i tilsvarande saker
  - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i vedtektene for Stølsheimen verneområdestyre av 10.09.2015 punkt 6.2.

Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny behandling i styret/arbeidsutvalet.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 05.10.2015

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltar i saker som gjeld løyve etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane punkt VI i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48.

Delegasjonen gjeld fylgjande saker:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdsle og motorferdsle i verneforskrifta punkt VI nr. 6
- Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta og eller naturmangfaldlova § 48 der :
  - d) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadane er tilnærma uendra
  - e) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/arbeidsutvalet i tilsvarande saker
  - f) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i vedtektene for Stølsheimen verneområdestyre av 10.09.2015 punkt 6.2.

Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny behandling i styret/arbeidsutvalet.

## Saksopplysningar

- Vedtekter for Stølsheimen landskapsvernområde, 10.09.2015
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde 1998

Miljødirektoratet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd og tredje punktum, jf. Klima- og miljødepartementets delegering av mynde til Miljødirektoratet i brev av 14. oktober 2014 fastsett nye vedtekter for Stølsheimen verneområdestyre som gjeld frå 10. september 2015. Det er i tillegg utarbeida ny stillingsomtale for forvaltar i tråd med reviderte vedtekter.

I dei nye vedtektene er det utvida moglegheit for delegering av mynde til forvaltar. Styret kan gje forvaltar mynde til å gjera vedtak i saker som er av kurant karakter. I førre vedtekter var det gjeve opning for å delegera saker som gjaldt ferdsel og motorferdsle, men ikkje saker med heimel i naturmangfaldlova § 48. No er delegeringa utvida til å omfatta «saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) *Det dreier som om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra*
- b) *Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak*
- c) *Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet*

*Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegerte vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret» (utdrag frå vedtektene pkt. 6.2).*

Alle vedtak fatta av forvaltar skal gjerast i tråd med naturmangfaldlova, verneforskrifta og forvaltningsplan.

## Vurdering

Under arbeidet med revidering av vedtekter for nasjonalpark- og verneområdestyre gav Stølsheimen verneområdestyre tilbakemelding på at dei ynskte å kunne delegera meir mynde til forvaltar i kurante saker. Bakgrunnen for ynskje om meir delegering er at forvaltninga skal vera meir rasjonell og effektiv. I dei nye vedtektene for Stølsheimen verneområdestyre har styret fått moglegheit til å delegere meir mynde til forvaltar, men sakene skal vera forankra i forvaltningsplanen eller det skal vera etablert ein forvaltningspraksis for tilsvarande saker i området.

11. mars 2013, sak 9/13, delegerte verneområdestyret vedtaksmynde til forvaltar i saker som gjeld motorferdsel (verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI nr. 6). Dette har vore søknader om blant anna motorisert transport av materiale til vedlikehald av stølshus, ved og utstyr til hytter og tilsyn med kraftlinjer. Slike saker har klare retningslinjer i forvaltningsplanen for Stølsheimen. Etter delegasjonsvedtaket i styret 11. mars 2013, har forvaltar behandla 20 delegerte saker.

Forvaltningsplanen for Stølsheimen frå 1998 har mange føringar for forvaltningspraksis i verneområdet, men det er mange nye forhold som ikkje er vurdert. I revideringa av forvaltningsplanen er blant anna vedlikehald og endringar av hytter og stølshus vurdert, og det er framlegg til retningslinjer. Når den nye forvaltningsplanen er godkjent, vil den gje fleire retningslinjer for korleis forvaltningspraksisen skal vera i Stølsheimen landskapsvernområde. Verneområdestyret har sidan opprettinga av styret i 2012, behandla mange saker som har gjeve forvaltningspraksis i området.

Forvaltar rår til at det kan delegerast vedtaksmynde til forvaltar i tråd med delegeringsmynde i vedtektene til styret, for saker der forvaltningsplanen gjev klare retningslinjer eller styret har behandla tilnærma like saker. Forvaltar skal diskutera saker med styreleiar dersom forvaltar er i tvil om det er ei kurrant sak. Alle saker av prinsipiell karakter, skal leggjast fram for verneområdestyret til avgjerd.